



## Møteinkalling

---

**Utvalg:** **Breheimen nasjonalparkstyre**

**Møtested:** Lom

**Dato:** 15.09.2022

**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 20/22	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 21/22	Høydalen LVO - 2022 - Søknad om bruk av elektrisk båtmotor på Høydalsvatnet - Lom fjellstyre	2022/7818	
ST 22/22	Mysubytta LVO - 2022 - Klage på vedtak om avvisning av klage - Rita Brekkum	2019/16363	
ST 23/22	Delegerte vedtak		
DS 16/22	Delegert vedtak - Breheimen NP og Høyrokampen NAT - 2022 - Dispensasjon - Utplassering av turpostar - Bøverdalen IL v/ Syver Ole Eggen	2022/5221	
DS 17/22	Delegert vedtak - Breheimen NP m.fl. - dispensasjon - 2022 - Bruk av drone i samband med prosjekt for å redusere eit mogleg tap av beitedyr i områda rundt Breheimen - Skjåk beite- og sankelag v/ Kari Hånsnar	2021/6112	
DS 18/22	Delegert vedtak - Høydalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - bruk av sikringsbåt med elektrisk motor - Norges Roforbund v/ Daniel Lilltveit Berge	2022/6005	
DS 19/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - Dispensasjon - Utplassering av turpostar - DNT Gudbrandsdal v/ Anita Haugen	2022/5802	
DS 20/22	Delegert vedtak - Dispensasjon - Mørkridsdalen landskapsvernområde - Motorisert ferdsel - Helikopter - Fjerning av erstatta vedbod/utedo - Dulsete - Per-Arvid Hauge	2021/8929	
DS 21/22	Delegert vedtak - Dispensasjon - Mørkridsdalen landskapsvernområde - Motorferdsel med helikopter i samband med utbetring av buforveg i Mørkridsdalen - 2022 - Skjolden grunneigarlag	2022/7071	
DS 22/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2022 - 2026 - båndtvang - ryptaksering - Skjåk Almenning	2022/5416	
ST 24/22	Referatsaker		
ST 25/22	Eventuelt		

**ST 20/22 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /**



Arkivsaksnummer: 2022/7818-2

Saksbehandlar:

Stein Magne Grevrusten

Dato: 08.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	21/22	15.09.2022

## Høydalen LVO - 2022 - Søknad om bruk av elektrisk båtmotor på Høydalsvatnet - Lom fjellstyre

### Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 15. september 2022 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Lom fjellstyre løyve til bruk av elektrisk motor på båt i samband med fisking på Høydalsvatnet. Dette blir gjort i samband med fjellstyrets arbeid med å auke fiskeaktiviteten på vatnet, slik at fiskebestanden kan bli ivaretake på ein god måte i tida framover. Løyvet er gjeve med heimel i § 3 pkt. 6.3 bokstav a i verneforskrift for Høydalen landskapsvernområde.

Følgjande vilkår gjeld for løyvet:

- På Høydalsvatnet kan det brukast båt med elektrisk motor med ein maksimal effekt på 800 W.
- Bruken av båt med elektrisk motor skal avgrensast til det som er strengt nødvendig i samband med fisking.
- Løyvet gjeld i perioden frå 1. juli og ut sesongen i åra frå 2023 til og med 2025.
- Dersom båtar skal ligge i opplag over tid innanfor Høydalen landskapsvernområde må det søkjast om løyve til dette.
- Lom fjellstyre må etablere gode rutinar for korleis dei formidlar regelverket for bruken av elektrisk motor til dei som utøver fiske på Høydalsvatnet. Nasjonalparkstyret ber om at representant frå fjellstyret og nasjonalparkforvaltar går i dialog for å finne gode løysningar på korleis dette skal bli formidla, kor mange løyver som kan bli delt ut, eventuell fangstrapportering og evaluering av ordninga.
- Dersom bruken av elektrisk motor ikkje skjer i samsvar med løyvet, eller bruken påverkar verneverdiene negativt, kan nasjonalparkstyret trekke attende løyvet på stutt varsel.

Vi gjer oppmerksam på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Høydalen landskapsvernombord. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune og/eller grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad frå Lom fjellstyre, datert 4. juli 2022.

## Saksopplysningar

Lom fjellstyre sin søknad er attgjeven nedanfor:

*Lom fjellstyre ynskjer at det blir gjeve dispensasjon frå verneforskrifta i Høydalen LVO til bruk av elektrisk båtmotor i samband med utøving av fiske på Høyvatnet.*

*Høyvatnet er eit stort vatn på vel 2,4 kvadratkilometer. Den sentrale beliggenheita gjer at det blir fiska ein del i vatnet med både garn og oter, og blant turistar har det vore eit populært stangfiskevatn. I lengre tid har vi hatt utfordringar med ein for stor fiskebestand i forhold til næringsgrunnlaget. Som fylgje av dette har kvaliteten på fisken hatt ei negativ utvikling, noko som er godt dokumentert gjennom prøvefiskedata og ulike rapportar heilt attende frå 1960- og 70 talet. Det har vore prøvd ulike forvaltningsmessige tiltak for å auke beskattinga, m.a. har fiskereglane vorte endra for bruk av fleire garn, mindre maskevidde og som einaste vatn på statsallmenningen har det vore opna for garnfiskekort til utanbygdsbuande. Dette har ikkje hatt tilstrekkeleg effekt.*

*Fjelloppsynet har fått innspel om at fleire kunne tenkt seg fiska på Høyvatnet om det hadde vore lovleg å nytta seg av elektrisk båtmotor. Dette hadde forenkla garnfisket og gjeve ei heilt anna moglegheit til dorging og otring frå båt. Særskilt det siste blir av mange peikt på som ei effektiv fiskemetode, som blir mykje meir attraktiv om ein får nytte seg av båtmotor.*

*Bruk av mindre elektriske båtmotorar gjev veldig lite støy, liten fart og det er vanskeleg å sjå at dette i seg sjølv skal være til vesentleg ulempe for verneverdiane. Eit løyve vil truleg gje auka aktivitet og lengre rekkevidde, noko som etter mitt syn er ønskjeleg og nødvendig om vi skal klare å forvalte fiskebestanden på ein god måte.*

*For å få tilstrekkeleg innsats trengst eit generelt løyve, til bruk for alle som ynskjer, under utøving av fiske/for dei som har løyst fiskekort. Ein eller to bestemte båtar/leigebåtar blir ikkje tilstrekkeleg på eit såpass stort vatn. Det bør det settast vilkår om maksimal motorstørrelse/kapasitet og hastighet. Det er samstundes søkt kommunen om endring av kommunal forskrift gjeldande for båtmotor på Høyvatnet.*

# **Heimelsgrunnlag**

## **Delegering**

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Høydalen landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

## **Verneformål – forskrift**

Føremålet med Høydalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi, og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med vernet å:

- ta vare på eit verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på biologisk mangfald som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med litra grad av teknisk tilrettelegging.

I § 3 pkt. 3 i forskrift for Høydalen landskapsvernområde står følgande:

- *Vernet er ikkje til hinder for jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk, utsetting av fisk frå lokale fiskestammar i samsvar med gjeldande lovverk, eller kalking av vatn eller elvar som er naudsynt for å hindre at ein art døyr ut i samsvar med gjeldande lover.*

I § 6 pkt. 6.1 og 6.3 bokstav a i forskrift Høydalen landskapsvernområde står følgande:

- *Motorferdsel til lands og til vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy. Det er forbod mot lågtflyging under 300 meter over bakken.*
- *Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til motorferdsel i samband med inngrep som er naudsynte for forvalting av artane etter pkt. 1.3 bokstav r.*

I § 3 pkt. 1.3 bokstav r i forskrift for Høydalen landskapsvernområde står følgande:

- *Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til naudsynte inngrep i samband med artsforvalting.*

I § 3 pkt. 7.3 i forskrift for Høydalen landskapsvernområde står følgande:

- *Unødig støy skal unngåast. Dette gjeld ikkje bruk av motorisert isbor ved fiskekultivering og bruk av krattfjernar ved rydding av kratt.*

## Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen er det sett følgande forvaltingsmål om bl.a. jakt og fiske:

*Det er eit sentralt mål for forvaltinga av Breheimen at jakt og fiske framleis skal kunne gå føre seg innanfor rammene av verneføremålet. Desse aktivitetane hører til det enkle friluftslivet som er ein del av verneføremålet, og har stortyding, særleg lokalt. Jakt og fiske utgjer dessutan eit bidrag til å regulere bestandane.*

I forvaltningsplanen for Breheimen nasjonalpark står følgande om støy:

*Stillheit har sin eigenart og sin eigenverdi. Målet er å halda unødig støy i verneområda på eit så lågt nivå som mogleg.*

*Det er også forbod mot unødvendig støy, t.d. motordur i verneområda for å sikre område der naturen sine eigne lydar og stillheit er ein viktig del av naturmiljøet og for folk sin natur- og opplevingsverdi.*

Opplag av båtar i Høydalen landskapsvernombord er søknadspliktig.

## Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

## Vurdering

Lom fjellstyre ynskjer at det blir gjeve dispensasjon frå verneforskrifta i Høydalen landskapsvernombord til bruk av elektrisk båtmotor i samband med fisking på Høydalsvatnet. Bakgrunnen for dette er at det i lengre tid har vore ei utfordring med ein stor fiskebestand i forhold til næringsgrunnlaget i vatnet. Som fylgje av dette har kvaliteten på fisken hatt ei negativ utvikling, noko som i følgje fjellstyret er dokumentert gjennom prøvefiskedata og ulike rapportar attende til 1960-talet. Fjellstyret har prøvd ut ulike tiltak for å endre på dette utan at dette har lykkast. Fjelloppsynet skriv at dei har fått innspel om at fleire kunne tenkt seg fiske på Høydalsvatnet om det hadde vore lovleg å nytta seg av elektrisk båtmotor. Dette hadde forenkla garnfisket og gjeve betre moglekeit til dorging og otring frå båt. Spesielt det siste blir peikt på som ei effektiv fiskemetode, som blir mykje meir attraktiv om ein får nytte seg av båtmotor.

Høydalsvatnet (2,4 km<sup>2</sup>, 905 moh) ligg i Lom kommune og kommunen har gjennom lokal forskrift frå 1997 lagt ned forbod mot bruk av motorbåt på dette vatnet. Med bakgrunn i dette vart det ikkje teke inn nokon heimel for bruk av motorbåt i verneforskrifta da Høydalen landskapsvernombord vart verna. Det kan nemnast at Lom fjellstyre har søkt Lom kommune om endring av kommunal forskrift som gjeld bruk av båtmotor på Høydalsvatnet. I verneforskrifta for Høydalen landskapsvernombord er det derimot teke inn ei moglekeit for å gje løyve til motorisert ferdsel i samband *med inngrep som er naudsynt for forvalting av artane* (§ 3 pkt. 6.3. bokstav I).

Eit av måla i forvalningsplanen er å halde omfanget av motorferdsel så lågt som mogleg innanfor verneområdet. Bruk av påhengsmotor vil i første omgang vanlegvis føre med seg støy som kan verke forstyrrende på omgjevnadene. Ein elektrisk påhengsmotor er derimot meir miljøvenleg og skånsam enn ein forbrenningsmotor. Påhengsmotorarar av denne typa under 800W er støysvake, har ikkje utslepp til omgjevnadene og topphastigheita er låg.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvalningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille vilkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit løyve.

Det er registrert 3 sårbarheitssoner for fugl som grensar til Høydalsvatnet i den vestre halvdelen av vatnet (InnlandsGIS). I rapport nr 9/2018 frå Kistefos Skogtjenester som tek for seg sårbarheitsvurdering av rovfugl/våtmarksfugl i Breheimen er berre den eine sona omtala. Denne er registrert som sensitiv for auka aktivitet i perioden 1. februar – 1. juli, men er samtidig beskrive som robust. Alle dei 3 sårbarheitssonene er diskutert med fuglekyndig person sjå Statsforvalteren i Innlandet. Med bakgrunn i dette blir det lagt til grunn at alle dei 3 sonene kan vere sensitive for auka aktivitet fram til 1. juli. Det er ikkje andre kjente registreringar som vil kunne bli negativt påverka av dette tiltaket.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er positivt at fjellstyret ønskjer å prøve ut ulike moglegheiter for å halde fiskebestanden i Høydalsvatnet i ein god tilstand. Det vil sikre god kvalitet på fisken og eit attraktivt fiske. Dette vil i neste omgang føre til at bestanden får ei god utvikling og det vil bli meir attraktivt å fiske her, noko som vil kunne oppretthalde god tilstand på lengre sikt.

Ut frå noverande vurdering meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er aktuelt å ta i bruk *føre-var-prinsippet* i denne saka, dersom vilkåra i saka blir følgt. Bruk av liten elektrisk påhengsmotor på Høydalsvatnet vil i denne samanhengen ikkje medføre store ulemper for verneverdiane og verneformålet dersom dette skjer etter den 1. juli. Det blir vurdert at saka ikkje vil ha nokon stor presedensverknad, i og med sokjar i dette tilfellet er det lokale fjellstyret som administrere dei fleste av bruksrettane i statsallmenningane, deriblant jakt, fangst og fiske. Det blir lagt opp til at ordninga kan prøvast ut i ei 3-års periode med påfølgjande evaluering. Det er ikkje automatikk i at løyve blir forlenga i framtida dersom ein ser at tiltaket påverkar verneverdiane eller verneformålet på ein uheldig måte (§§ 8-10).

Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre miljøforringing, men tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er nødvendig for å sikre at naturmangfoldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort, kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder, blir ikkje desse vurdert i denne samanhengen (§§ 11-12).



Arkivsaksnummer: 2019/16363-12

Saksbehandlar:

Stein Magne Grevrusten

Dato: 08.09.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	22/22	15.09.2022

## Mysubyitta LVO - 2022 - Klage på vedtak om avvisning av klage - Rita Brekkum

### Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 15. september 2022 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å oppretthalde tidlegare vedtak frå styremøte den 2. juni 2022 (saksnummer 2019/16363-7).

Breheimen nasjonalparkstyre kan ikkje sjå at klaga kjem med nye moment som ikkje var kjent og vurdert på vedtakstidspunktet, og dette gjer at nasjonalparkstyret ikkje endrar tidlegare vedtak. Klaga med vedlegg blir derfor sendt til Miljødirektoratet for endeleg behandling, jf. § 33 i forvaltningslova.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Klage på vedtak om avvisning av klage. Datert 14.06.2022. Rita Brekkum.
- Vedtak om avvisning av klage. Breheimen nasjonalparkstyre. Dokumentdato 30.06.2022 / 12.05.2022. Saksnummer 2019/16363-7.
- Klage på vedtak om riving av plattning. Rita Brekkum. Datert 20.04.2022. Motteke 27.04.2022.
- Vedtak om utsett frist for gjennomføring av retting. Breheimen nasjonalparkstyre. Dokumentdato 16.11.2021 / 01.04.2022. Saksnummer 2019/16363-5.
- Søknad om utsett frist for gjennomføring av retting. Rita Brekkum. Datert 26. august 2019.
- Vedtak om retting av tiltak. Breheimen nasjonalparkstyre. Styremøte 6. desember 2018.
- Rapport frå Statens naturoppsyn Breheimen: Kontrollmåling av seterhuset til Rita Brekkum etter restaurering. Dokumentdato 14.10.2016.

- Løyve til restaurering og tilbygg til seterhus på Brekkomsetra gnr. 246/1 - Rita Brekkum. Dokumentdato 03.03.2016. Saksnummer 2015/5516-5.
- Brev ang. teikningane og spørsmåla i forslag 2. Breheimen nasjonalparkstyre. Dokumentdato 15.04.2016. Saksnummer 2015/5516.
- Nye teikningar (forslag 2) og spørsmål. Rita Brekkum. Motteke 14.04.2016.
- Uttale frå Oppland fylkeskommune avd. for kulturarv. E-postar med dato 01.02.2016 – 04.02.2016.
- Søknad om restaurering og tilbygg på seterhus. Teikningar forslag 1. E-post datert 04.09.2015. Saksnummer 2015/5516-5.

## Saksopplysningar

Klagen er attgjeven nedanfor:

*Jeg viser til klagevedtak fra Breheimen Nasjonalparkstyre (02.06.2022). Jeg viser også til tidligere vedtak og klage i saken om den lille plattingen jeg har laget ved seterhuset mitt på Sota.*

*Jeg går ut fra at nasjonalparkstyret sender alle sakens dokument er over til Miljødirektoratet og at de ikke unnlater dokumenter som er viktige i saken.*

*Jeg bestrider at klagefristen var oversittet, slik nasjonalparkforvalteren hevdet. Jeg klaget over hele avslagskomplekset og kan ikke se at klagefristen var ute når siste vedtak fra nasjonalparkstyret var gjort 24.11.2021, men ble ikke sent ut før 01.04.2022. Min klage var datert 20.04.2022.*

*Nasjonalparkforvalteren og nasjonalparkstyret begår feil rettsanvendelse når de mener at fristen er oversittet og viser til forvaltningsloven § 31.*

*Om klagefristen hadde vært oversittet, er det her såpass viktige grunner som taler for å se bort fra klagefristen i henhold til forvaltningsloven at § 31 ikke kan vektlegges.*

## TILTAKET

*For det første så er det etter min mening åpning i verneforskriften for å bygge platting. Nasjonalparkstyret lener seg i alt for stor grad på en enkeltstående tolkning av verneforskriften. Jeg mener denne tolkningen ikke har ryggdekkning i ordlyden i forskriften. Det er anledning til å gi tillatelse til bygging av en slik liten platting, jf. verneforskrift en § 1.3.*

*Det blir uforståelig for meg når det fremgår av vedtak fra nasjonalparkstyret at jeg kan få byggeplatting som er omtrent identisk med den jeg har bygge, dersom jeg følger nasjonalparkforvalterens anvisninger. Han har nøyaktig beskrevet hvordan en platting kan bygges og etter min mening handler nasjonalparkforvalterens saksbehandling om rent flisespikkeri. Det følger av vedtak i nasjonalparkstyret at de ikke anser tiltaket for å være skadelig. Men de skal altså tvinge meg til å gjøre minimale endringer for at nasjonalparkforvalteren skal få viljen sin. Jeg mener at nasjonalparkstyret her tar utenforliggende hensyn og i tillegg gjør de seg skyldig i et rent maktovergrep mot meg. Et maktovergrep som er veldig lite i tråd med god forvaltingsskikk.*

## **USAKLIG FORSKJELLSBEHANDLING**

*Verneforskriftene for Mysubyta og for Finndalen landskapsvernområde i Reinheimen Nasjonalpark er omrent identiske. I Finndalen ble det nylig bestemt at platting som var bygget i tilknytning til seterhus skal få stå. Dette ble bestemt av Miljødirektoratet (deres ref. 2021/ 13382). Her overprøvet Miljødirektoratet vedtak fra Statsforvalteren i Innlandet. Jeg påberoper meg å ha blitt utsatt for usaklig forskjellsbehandling. Denne forskjellsbehandlingen skyldes en svært iherdig og vanskelig nasjonalparkforvalter i Breheimen Nasjonalpark. Jeg viser også til at det i Finndalen har blitt godkjent oppsett ing av vindmølle, til tross for at dette ikke er hjemlet i verneforskriften. Jeg har møtt motstand i mitt forsøk på å ta i bruk solcellestrøm på Mysubyta. Hvis ikke dette er usaklig forskjellsbehandling så forstår ikke jeg hva det er.*

## **Heimelsgrunnlag**

### **Delegering**

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegeret forvaltningsmynde for Mysubyta landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

### **Verneformål – forskrift**

Føremålet med Mysubyta landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi, opplevingsverdi, og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med vernet å:

- ta vare på verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne som utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på eit stort samanhengande naturområde med rikt dyre- og planteliv som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekommstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleveling gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

§§ 28-34 i forvaltningslova gjev heimelsgrunnlaget for behandling av klagar på enkeltvedtak. Ei klage skal alltid sendast det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket. I tråd med forvaltningslova § 33 skal underinstansen forberede klagen. Nasjonalparkstyret skal derfor forberede klaga og kan endre eller oppheve vedtaket som er påklaga dersom dei finn klaga grunngjeve. Dersom vilkåra for å behandle klaga ikkje føreligg skal underinstansen avvise saken (jf. forvaltningslova § 33, andre ledd). Blir vedtaket det klages på oppretthalde sendes klaga over til Miljødirektoratet som er klageinstans (jf. forvaltningslova § 33, fjerde ledd).

## Vurdering

I styremøte den 2. juni 2022 (saksnummer 2019/16363-7) gjorde Breheimen nasjonalparkstyre følgande vedtak:

*I styremøte den 2. juni 2022 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å avvise Rita Brekkum sin klage på vedtak om riving av plattning aust for seterhus i Mysubytta landskapsvernområde. Bakgrunnen for dette er at klagefristen for vedtaket som vart gjort den 06.12.2018 er utgått. Klagen blir avvist med heimel i forvaltningslovenes § 31 tredje ledd.*

*Nasjonalparkstyret sitt tidlegare vedtak om utsett frist er framleis gjeldande og plattningen må fjernast innan 20. juli 2022. Det blir elles vist til vurdering og vilkår i vedtak med krav om retting (saksnr. 2015/5516-11) og vedtak om utsett frist for gjennomføring (saksnr. 2019/16363-4).*

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak som Rita Brekkum nå har klaga på. Klagar er part i saka og har rettsleg klageinteresse (jf. forvaltningslova § 28). I forvaltningslova § 29 går det fram at klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er kome fram til vedkommande part, eller frå det tidspunkt han har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Vedtaket vart sendt ut på e-poste den 30. juni 2022 og klaga vart motteke den 14. juli 2022. Klaga er såleis levert innanfor tidsfristen.

Nedanfor blir dei viktigaste momenta frå klaga kommentert:

- «*Jeg bestriider at klagefristen var oversittet, slik nasjonalparkforvalteren hevdet. Jeg klaget over hele avslagskomplekset og kan ikke se at klagefristen var ute når siste vedtak fra nasjonalparkstyret var gjort 24.11.2021, men ble ikke sent ut før 01.04.2022. Min klage var datert 20.04.2022.*

Kommentar frå forvaltar: Vedtaket om riving av plattingen vart gjort i styremøte den 6. desember 2018. Nasjonalparkforvaltar legg til grunn at dersom Brekkum var ueinig i vedtaket om riving av plattingen på setra, så burde klagen vore sendt innan tre veker etter at dette vedtaket vart sendt ut. Brekkum fekk tilsendt dette vedtaket i e-post den 17.12.2018. Brekkum søkte hausten 2019 om utsett frist for retting/riving og det var berre endeleg frist for dette som vart behandla i styremøtet i november 2021 (2019/16363-5). Etter forvaltar sitt syn er det berre denne tidsfristen som kan klagast på i samband med vedtaket med saksnummer 2019/16363-5. Etter forvaltar sitt syn var det heller ikkje andre moment i saka som gjorde den så spesiell at klaga på vedtaket om riving frå 2018 burde behandlast i denne samanhengen.

- «*For det første så er det etter min mening åpning i verneforskriften for å bygge plattning. Nasjonalparkstyret lener seg i alt for stor grad på en enkeltstående tolkning av verneforskriften. Jeg mener denne tolkningen ikke har ryggdekning i ordlyden i forskriften. Det er anledning til å gi tillatelse til bygging av en slik liten plattning, jf. verneforskrift en § 1.3.*

Kommentar frå forvaltar: Ut frå forvaltar sitt syn er det ikkje heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 til bygging av plattning slik som Brekkum påstår. Det er ikkje nemnt nokon plass i § 3 pkt. 1.3 bokstav a) til m) at det kan byggjast noko slik. Forvaltar kan heller ikkje sjå at det er nokon plass der det kan «tolkast» inn under nokon av dei andre punkta i forskrifta. Dersom ein skulle gje løyve til bygging av plattning, måtte dette skje etter § 48 i naturmangfaldlova. I denne samanhengen er det viktig å sjå til forvaltningsplanen som skal utdjupe verneforskrifta. I pkt. 3.5.2. i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det under retningslinjer for forvaltning og bruk at: *Bygging av terrasse, veranda og plattning er ikkje i samsvar med lokal, tradisjonell byggjeskikk og vil ikkje vere tillate.* Dette er også formidla i dei tidlegare vedtaka i saken.

- «*Verneforskriftene for Mysubytta og for Finndalen landskapsvernombordet i Reinheimen Nasjonalpark er omrent identiske. I Finndalen ble det nylig bestemt at plattning som var bygget i tilknyting til seterhus skal få stå. Dette ble bestemt av Miljødirektoratet (deres ref. 2021/ 13382). Her overprøvet Miljødirektoratet vedtak fra Statsforvalteren i Innlandet. Jeg påberoper meg å ha blitt utsatt for usaklig forskjellsbehandling.*

Kommentar frå forvaltar: Brekkum viser til ei sak som Reinheimen nasjonalparkstyre behandla hausten 2021. I saken som bl.a. gjelder bygging av plattning i tilknyting til eit seterhus i Finndalen landskapsvernombordet, innstilte forvaltar på avslag med bakgrunn i føringane i forskrift og forvaltningsplan. Nasjonalparkstyret gjekk imot innstillinga og ga løyve etter § 48 i naturmangfaldlova. Saka vart deretter påklaga av Statsforvalteren i Innlandet.

Nedanfor er eit utdrag frå Miljødirektoratets klagebehandling i denne saka:

*«Direktoratet er enig med statsforvalteren i at plattinger kan oppfattes som et fremmedelement i et setermiljø og det som betegnes som den lokale byggeskikken i verneområdet. Det er opplyst om at det er registrert 96 byggverk i verneområdet og at det av dette er 35 seterhus og ca. 10 hytter. Det er videre pekt på at setrene i økende grad blir brukt til fritidsformål, og direktoratet går derfor ut fra at det ikke er usannsynlig at det er flere som vil ønske å oppføre plattning i tilknyting til sine bygninger. En tillatelse til plattning vil kunne føre til flere liknende søknader og dermed legge til rette for en utvikling som kan bidra til en gradvis endring av setermiljøet.*

*For å ivareta verneformålet både på kort og lang sikt er og for å unngå at det legges til rette for en utvikling som på sikt bidrar til en gradvis endring av landskapsbildet, er nødvendig at forvaltningsmyndigheten fører en streng praksis ved behandling av dispensasjonssøknader for bygninger og andre faste innretninger. Det er derfor viktig at utfallet av denne saken ikke danner grunnlag for en generell praksis i verneområdet. Vi vil også bemerke at vi, når det gjelder omsøkte plattingen, stiller spørsmål ved behovet når det omsøkte gjerdet vil holde beitedyr unna seterhuset.»*

Ut frå ordlyden her ser det ut til at Miljødirektoratet eigentleg er einig med Statsforvalteren i Innlandet som klaga på vedtaket som var gjort av Reinheimen nasjonalparkstyret. Miljødirektoratet peikar på fleire sentrale moment når det gjeld bl.a. presedensfare i eit slik vedtak. Til slutt skriv Miljødirektoratet i sin avgjersles at:

*«Vi finner imidlertid ikke grunnlag for å overprøve vurderingen som styret har gjort, og viser også i den anledning til at Klima- og miljødepartementet i brev av 2. mars 2015 har bedt Miljødirektoratet om å vise tilbakeholdenhet med å overprøve nasjonalpark- og verneområdestyrets skjønn der styret har vurdert saker om bygging i verneområder etter naturmangfoldloven § 48. Ut fra det ovennevnte stadfester vi vedtaket fra nasjonalparkstyret».*

I saka som Brekkum viser til er det altså nasjonalparkstyret sjølv som har gjort ei vurdering om at det kan byggjast ein platting slik som det er søkt om i den saka. Nasjonalparksforvaltar kan ikkje sjå at denne saka er relevant for Breheimen nasjonalparkstyre i denne samanhengen.

**ST 23/22 Delegerte vedtak /**

**DS 16/22 Delegert vedtak - Breheimen NP og Høyrokampen NAT - 2022 - Dispensasjon - Utpllassering av turpostar - Bøverdalen IL v/ Syver Ole Eggen 2022/5221**

**DS 17/22 Delegert vedtak - Breheimen NP m.fl. - dispensasjon - 2022 - Bruk av drone i samband med prosjekt for å redusere eit mogleg tap av beitedyr i områda rundt Breheimen - Skjåk beite- og sankelag v/ Kari Hånsnar 2021/6112**

**DS 18/22 Delegert vedtak - Høydalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - bruk av sikringsbåt med elektrisk motor - Norges Roforbund v/ Daniel Lilltveit Berge 2022/6005**

**DS 19/22 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - Dispensasjon - Utpllassering av turpostar - DNT Gudbrandsdal v/ Anita Haugen 2022/5802**

**DS 20/22 Delegert vedtak - Dispensasjon - Mørkridsdalen landskapsvernområde - Motorisert ferdsel - Helikopter - Fjerning av erstatta vedbod/utedo - Dulsete - Per-Arvid Hauge 2021/8929**

**DS 21/22 Delegert vedtak - Dispensasjon - Mørkridsdalen landskapsvernområde - Motorferdsel med helikopter i samband med utbetring av buforveg i Mørkridsdalen - 2022 - Skjolden grunneigarlag 2022/7071**

**DS 22/22 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2022 - 2026 - båndtvang - rypetaksering - Skjåk Almenning 2022/5416**

**ST 24/22 Referatsaker /**

**ST 25/22 Eventuelt /**